



Understreka
alvoret
SIDE 6 OG 7



Statsforvaltaren har
sagt sitt om gondol
SIDE 4



Godkjende
Veibustkrysset
SIDE 2 OG 3

Sulaposten

LAUSSAL KR 35,00

GRUNNLAGD 1946

TORS DAG 16. FEBRUAR 2023 - NR 7

UNGDOMS- TILBOD

Musikarparet
Abel Soria
og Mariah
Juarez Paolo
på Kvasnes er
profesjonelle
musikarar
på heiltid.
Dei deler gjerne
kunnskapen
med unge
på Sula.

Side 8 og 9



Musikalsk boltreplass



S U L A
G R A N D
P R I X

SULAHALLEN

I DAG TORS DAG 16. FEBRUAR
KL 18.00

Kafe, loddosal og tombola frå kl. 17:00

Pris:
Vaksen: 200,-
Born: 100,- (1. til 10. klasse)

Store og små er velkomne!

S G P
S u l a G r a n d P r i x



7 09 00 34 72 00 15

Vi eldre er meir digitale enn vi trur – men kan ha behov for kurs og rettleiing

Vi lever i ei digital verd og treng møteplasser lokalt der seniorar kan få hjelp, kurs og støtte i å bruke digitale verktøy og tenester. Seniornett Sula er ei ny lokalforeining som vil legge til rette for ein møteplass for den som vil gå eit steg vidare med sin digitale kompetanse. Som eksempel kan vi nemne kurs i å lage «fotobok» med eigne bilete. Vi samarbeider med Sula bibliotek og held til på biblioteket i Langevåg, ein torsdag i månaden. Første møtedag blir 23.2.

Køa framfor DNB sine bankfilialar i 2022 er ikkje eit uttrykk for at eldre ikkje meistarar digitale verktøy og tenester. Det er eit uttrykk for at banken ikkje har tatt kundane sine på alvor. For hadde dei ønska at kundane skulle klare å legitimere seg sjølv, ville dei laga ein brukarvennleg måte å gjere det på.

Alle har vi hørt om treåringen som får ein iPad i handa, og av seg sjølv forstår korleis ein skal klare å sjå på YouTube eller andre kanalar, utan å kunne lese. Treåringen har ikkje digital kompetanse, men Apple har laga eit brukarvennleg produkt.

Om alle digitale tenester var like brukarvennlege, som iPaden

i handa på ein treåring, ville sikkert fleire eldre klart å bruke digitale verktøy og tenester. Men slik er det ikkje. Mange offentlige og private tenester er bygt på ein analog plattform. Dermed blir ting meir knotete og komplisert enn det treng. I tillegg er det ingen standard for kvar du finn informasjon, menyar og innstillingar. Og har du klart å gjere alt rett og trykt «send», blir du liggande våken og lure. Kom meldinga fram? Kor vanskeleg kan det vere for eigarar av nettstadar å bekrefte at e-post er mottatt? I app-verda er det endå større variasjon. Mangfald er bra, berre ikkje for mykje!

Fordelen med digitale løysingar på sjølvbetening er at du kan bestille skattekort ein laurdag kveld, sjekke kven som eig bilen som står feilparkert på din p-plass og betale rekningar i nettbanken til alle tider på døgnet. Du kan bestille togbillett og laste ned lydbok, når det passar deg. Denne fordelene med det digitale er noko vi seniorar også liker.

Men nokre gonger treng vi hjelp og treng å snakke med ein person. Når ektefellen plutselig fell ifrå, eller blir sjuk, er det mykje å passe på. Kvar begyn-

ner du og kven skal du kontakte? I seniornett-miljøet kan du kanskje få ei starthjelp med dette og.

Å ha, og halde ved like, digital kompetanse er nesten uavhengig av alder. Vi må øve for å bli gode! Stadig fleire 90-åringar bruker smarttelefon, har e-post og nettbank. Mens ein 55-åring med ein demens-diagnose ikkje lenger klarer å bruke iPad. Det er fleire eldre enn yngre som

slit med å bruke digitale verktøy og tenester. Mellom dei med lav digital kompetanse finn vi forutan eldre også enkelte innvandrargrupper og unge, som er gode «på data», men likevel ikkje finn fram i den offentlege jungelen. Gode brukarvennlege digitale løysingar er viktig for at innbyggjarane, uavhengig av alder, kan bruke tenestene på ein trygg og sikker måte. Det må også

finnast eit likeverdig tilbod til dei som ikkje meistarar digitale verktøy eller løysingar. Dess eldre vi blir, dess meir utfordrande er det å lære nye ting. Og utviklinga innanfor det digitale går fort. Difor må vi bygge ut og tilby rettleiing, kurs og hjelp til seniorar, slik at dei klarer å henge med.

Av Gunnar Marøy,
leiar Seniornett Sula.



Frå standen til Seniornett Sula sin stand under "Opplev Sula"

Temamøte: Framtidsfullmakt

Veit du kvifor du bør ha ei framtidsfullmakt? Bli med på vårt temamøte, og få gode råd med heim.

Saman med advokatfirmaet Øverbø Gjørtz inviterer vi til ein hyggeleg kveld som vil gi deg god informasjon om framtidsfullmakt, arv og skifte.

Du vil møte fleire av våre rådgivarar, og vi set av god tid til å prate med deg.

Velkomen!



Påmelding:
sbm.no/temamote

Tid: 02.03.23 kl. 18:00
Stad: Langevåg stadion,
Servicebygget

Arrangementet er gratis,
og det blir enkel servering.





SULA KOMMUNE

Kommunale møte

20.02. Arbeidsutval for evaluering av politisk organisering.

Møtetid: kl 1800.

Møtestad: Sula rådhus, 1. etg.

Møtet er ope for publikum. Vennlegst merk at det er avgrensa antal plassar så det kan vere lurt å møte opp litt før.

Saksdokumenta vert lagt ut på kommunen si heimeside, under fane «politikk» og «møter og sakspapir».

Stengt rådhus og sentralbord 22.2

Rådhuset og sentralbord vil halde stengt onsdag 22.02.23.

Vi minner om at du finn mykje informasjon på kommunen si heimeside, www.sula.kommune.no

www.sula.kommune.no



Langevåg bedehus

Tors kl 19 Bibel og bøn
Søn kl 11 Søndagsskole
LØR 4.3. ÅRSMØTE

Velkommen!

For skyss: 905 08 479
For leige: 906 58 112



Søn kl.11. Gudstjeneste
m/tale av Marianne
Nyhaug Øvrelid.

Velkommen

www.sulafrikirke.no



ÅRSMØTE

Sted: Friheim

Tid: Torsdag 2. mars
kl. 18⁰⁰

Sakliste:

- Årsmøtesaker
- Valg

Årsmøtedokumenter
blir å finne en time før.

Velkommen!
Styret.



Gudsteneste

Langevåg kyrkje
søndag 19.02, kl. 11.00

Dåp. Nattverd
Kyrkjekaffi

Bygdedyr eller openheit

Langevåg kyrkje
mandag 20.02, kl. 19.00

Tema: Psykisk helse!
Peder Kjøs
og multiinstrumentalist
Stian Carstensen
(Sjå annonse for info.)

Matpakke konsert

Indre Sula kyrkje
onsdag 22.02, kl. 12.00

Tricia Boutté-Langlo og
Håvard Sveås syng og
spelar gospel/tradjazz
Gratis inngang / kollekt.

Velkomen!

Følg oss: kyrkja.no/sula
Facebook: Sula kyrkjelyd

Meir himmel på jorda



BYGDEDYR ELLER OPENHEIT

Langevåg kyrkje
20. februar kl. 19.00

Eit av dei siste tabua i samfunnet
vårt er psykisk helse. Peder Kjøs og
multiinstrumentalist Stian Carstensen
set fokus på temaet denne kvelden.

Inngang: kr. 300 - Vipps eller kontant.
Ungdom under 18 år: Gratis!



Arrangementet er støtta av:

Norsk Kulturråd | Sparebanken Vest
Fiskerstrand Verft AS | Cementprodukt AS

Rubrikken.

DIVERSE

Forbønn. Vil du ha forbønn så kan vi be for deg.
Du kan være anonym visst du vil. Forbønn-emne kan
sendast på sms tlf. 41 16 50 35. Kontakt Anett.

Rubrikk kr 150,- inkl mva

Årsmøte og nominasjonsmøte Sula KrF

Onsdag 1. mars -1 etg. Rådhuset
Kl. 19:00- Hyggelig om du vil delta



ÅRSMØTE

Sula Mållag

onsdag 1. mars 2023 kl. 1900
på Biblioteket i Langevåg.

Vanlege årsmøtesaker.

Samemisjonen i fokus

Velkommen til misjonsmøte på Fiskerstrand
bedehus. Torsdag 23. febr. kl. 19:30
Andakt ved Svein Folde.
Misjonsinfo v/ Landsstyreformann Jon Teigen
Misjongsage



Vinterferieaktivitetar

for barn heile
vinterferieveka.
Sjå vår Facebook-
side for meir
informasjon.

Datakafé/datahjelp

23. februar.

Sjå eiga annonse.
Vi byr på kaffe og
kake.

Strikk & lytt

23. februar kl. 18.
Kaffe og noko attåt.

Alle er velkomne
til Sula bibliotek



Seniornett Sula
på Facebook



Lære noko nytt? Friske opp noko eg hadde taket på før? Lage fotobok? Bildebehandling?
Sende sms med bilde? Bruke Facebook? Sleksprogram på pc? Organisere det som er lagra
på ulike dataduppedittar? Sosialt samvær! Og mykje meir.

Ta deg ein tur og sjå om dette kan vere aktuelt.

Datakafé

på Sula bibliotek
torsdag 23. februar 2023
(torsdag 23. mars // torsdag 20. april)

kl. 12 - 14